

Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 22.10.2015

SAKLISTE 1. møte (gamle k.styre)

- DELEGASJONSSAKER
- SKRIV OG MELDINGAR
- DRIFTSRAPPORT 2. TERTIAL 2015
- KOMMUNALE BUSTADAR FOR BRUKARAR MED SÆRLEGE BEHOV
- UTBYGGING AV BREKKE BARNEHAGE
- VERTSKOMMUNESAMARBEID - BARNEVERNSTENESTENE I GULEN OG MASFJORDEN KOMMUNAR
- ORTNESET LEIKEPlass. FORSKOTTERING AV SPELEMIDLAR
- BUSTADPOLITIKK OG BUSETTING AV FLYKTNINGAR I GULEN KOMMUNE

SAKLISTE 2. møte (nytt k.styre)

- GODKJENNING AV KOMMUNESTYREVALET 2015
- VAL AV FORMANNSKAP 2015 - 2019
- VAL AV ORDFØRAR 2015 - 2019
- VAL AV VARAORDFØRAR 2015 - 2019
- GODKJENNING AV VALNEMND 2015
- VAL AV KONTROLLUTVAL 2015 - 2019
- VAL AV HOVUDUTVAL FOR OPPVEKST - HOP, 2015 - 2019
- VAL AV HOVUDUTVAL FOR OMSORG - HOM, 2015 - 2019
- VAL AV HOVUDUTVAL FOR PLAN OG UTVIKLING - HPU, 2015 - 2019
- VAL AV ELDRERÅD 2015 - 2019
- VAL AV RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE 2015 - 2019
- VAL AV REPRESENTANT TIL KS SITT FYLKESMØTE 2015-2019
- VAL AV UTSENDING TIL VALMØTE - KLP 2015 - 2019
- VAL AV REPRESENTANT TIL GENERALFORSAMLINGA I GMU AS 2015 - 2019
- VAL AV REPRESENTANT TIL GENERALFORSAMLINGA I BKK 2015 -2019
- VAL AV REPRESENTANT TIL ÅRSMØTE I IUA BERGEN REGION 2015 - 2019
- VAL AV MEDLEM TIL OPPNEMNINGSUTVALET FOR NYE KONFLIKTRÅDSMEKLARAR 2015 - 2019
- VAL AV KOMMUNEN SINE REPRESENTANTAR I ARBEIDSMILJØ-UTVALET 2015 - 2019
- VAL AV REPRESENTANT I KYRKJELEG FELLESRÅD 2015 - 2019
- VAL AV MEDLEMAR TIL REPRESENTANTSKAP I NGIR 2015 - 2019
- VAL AV MEDLEM TIL REPRESENTANTSKAP I STIFTINGA KYSTSOGVEKENE 2015 - 2019
- VAL AV MEDLEM TIL REPRESENTANTSKAP I DIHVA IKS 2015 - 2019

- VAL AV REPRESENTANT TIL OMRÅDE- OG REGIONUTVAL FOR VASSOMRÅDA YTRE SOGN/NORDHORDLAND 2015 - 2019
- VAL AV REPRESENTANTAR TIL ÅRSMØTE FOR KYSTMUSÈET I SOGN OG FJORDANE 2015 - 2019
- VAL AV MEDLEM I STYRET FOR SEKOM - KONTROLLUTVALS-SEKRETARIATET FOR KOMMUNANE I YTRE SOGN OG SUNNFJORD - 2015 - 2019
- VAL AV MEDLEM I SAMSTYRET FOR KRYSS IKS - KOMMUNEREVISJONEN FOR YTRE SOGN OG SUNNFJORD 2015 - 2019
- VAL AV SAKKUNNIG TAKSTNEMND - EIGEDOMSSKATT 2015 - 2019
- VAL AV SAKKUNNIG KLAGENEMND - EIGEDOMSSKATT 2015 - 2019
- VAL AV HEIMEVERNSNEMND 2016 - 2019
- VAL AV STYREMEDLEM FOR STIFTINGA BJØRN WEST-MUSÈET 2015 - 2019
- VAL AV MØTEFULLMEKTIGAR TIL FORLIKSRADET 2016 - 2019
- REGLEMENT OG REGULATIV FOR FOLKEVALDE - REVISJON 2015

Stad og tid: Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik kl. 09.30. Møte 2 byrjar ca kl 13.00.

Sakstilfanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på internett: www.gulen.kommune.no
Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum.

Alle er velkomne.

Hallvard Oppedal
Ordfører

Frå ordføreren

No er kommunevalet over, og eg vil takke så mykje for den overveldande støtta som eg og partiet mitt fekk. Eg er glad og audmjuk over dette, og det gjev meg ein skikkeleg oppmuntring til å fortsette det kjekke arbeidet for Gulen kommune.

Det nye kommunestyre er spennande. Det er komme inn fleire unge enn vi har hatt tidlegare, og det er eg veldig glad for. Ei av dei viktigaste sakene vi jobbar med, er å få fleire unge til å busetje seg her i kommunen, og då er det fyrst og fremst dei unge sjølv som veit kva som må til. Folketalet fyrste halvår i år har auka med 14, så det går rette vegen.

Kommunestyre skal konstituerte seg den 22. oktober, og det skal bli spennande å samlast. Eg har stor tru på at vi skal arbeide som eit samla lag som jobbar hardt for Gulen kommune sitt beste.

Det er mange utfordrande saker som vi må jobbe med framover. Kommunereforma og nytt inntektssystem som vi ikkje veit korleis vil bli i framtida, for sjølv om økonomien er bra no så er det signalisert frå dei styrande over oss at det vert innstrammingar. Vi må jobbe hardt for å synleggjere at Norge er eit land med ulik geografi og ulike kommunar, og at vi må ha overføringar der alle kan yte dei tenestene vi er sette til å løyse.

No gler eg meg til å komme i gang med arbeidet i neste 4-årsperioden i lag med resten av kommunestyre. Det vert spennande.

Hallvard Oppedal

Gulen kommune er på facebook!



Gulen kommune har oppretta offisiell facebookside. Den vil me i første omgang bruke til å spreie informasjon om arrangement og aktivitetar i kommunal og frivillig regi, samt vise til artiklar på heimesida vår.

Med å opprette eiga facebookside håpar Gulen kommune å betre kommunikasjonen ut til innbyggjarane og andre interesserte. Kommunen vil informere om eigne arrangement, men sida kan også brukast til å spreie informasjon om aktivitetar i regi av frivillige lag og organisasjonar.

Når det gjeld utgåande informasjon frå kommunen i ein eventuell krise- og beredskapssituasjon, er det framleis heimesida som er informasjonskjelda ein skal nytte seg av.

Forvaltningslova set krav til forsvarleg sakshandsaming og teieplikt og personopplysningslova set krav til handsaming av personopplysningar. Det vil difor ikkje vere aktuelt med sakshandsaming på facebook. I dei tilfella ein førespurnad som vert posta på facebook krev arkivering og oppretting av sak i arkivsystemet, vil vedkomande person verte kontakta av kommunen. Dette er heller ikkje ei side for

politiske førespurnadar ettersom den er styrt av administrasjonen.

Me vil gjere vårt beste for å svare på spørsmål som måtte dukke opp i løpet av gjeldande arbeidsdag. Kommunen tek gjerne imot innspel, men kommentarar på sida som inneheld truslar, personangrep eller informasjon som er verna av personopplysningslova vert fjerna.

Målet er at facebooksida til Gulen kommune vil verte ein stad ein rettar seg mot for å finne informasjon om alt det spanande som skjer i kommunen vår, og eit forum der dei som har ei tilknytning til Gulen kan dele informasjon, bileter og gladsaker med kvarandre! Me tek gjerne imot innspel.

Informasjon om KLAFF

KLAFF-gruppa har møte på dei ulike skulane, og følgjande datoar er sett opp for hausten 2015:

Byrknes skule og barnehage

22. oktober kl 09.00-10.30

Brekke skule og barnehage

21. oktober kl 12.00-13.30

Dalsøyra skule og barnehage

6. november kl 08.30-10.00

Eivindvik skule og barnehage

6. november kl 11.00-13.30

Me ynskjer at skular, barnehagar eller foreldre eller andre melder saker til oss, som de vil diskutere uformelt og anonymt i Gulen kommune sitt tverrfageleg fagteam. KLAFF-teamet består av helsesøster, barnevern og pedagogisk-psykologisk-rådgjevar frå PPT.

Me tek i mot både små og store saker som de vil diskutere og ting de treng rettleiing på når det gjeldt barn/ungdom i kommunen vår. Sakene skal meldast til KLAFF-gruppa to veker innan oppsett dato på den skulen møtet er sett på. Kjem det ikkje saker inn, blir møtet avlyst.

Ver venleg ta kontakt pr mobil/epost til:

Gro Sandnes

Pedagogisk-psykologisk rådgjevar i Gulen og Masfjorden/Logoped MNLL

mobil 974 26 772, strømpost:

gro.sandnes@masfjorden.kommune.no

Plan-nytt

Nærare informasjon finn du på heimesida
www.gulen.kommune.no/planar-og-prosjekt

I dag pågår 14 arealplanar, blant anna
følgjande:

Reguleringsplanar

Forslag for mindre endring bustad til
fleirmanns bustad
1999008 Gåtafelt
2002003 Ånneland
2005006 Haveland

Planarbeid pågår

2008001 Taskebotn hytter
2009005 Dingeneset sør hyttegrend
2011001 Storevågsneset, Brandanger
2013003 Gulen industrihamn,
reguleringsendring
2014002 Brandanger 75/1,3,5 spreidd bygg

Planarbeid med planprogram

2014006 Oppdrettsanl. Ortneset, Brekke
2014003 Veg Skipavika – Brandangerbrua
Fv4

Planforslag revisjon etter høyring

2010008 Nappen hyttefelt, Mjømna

Planar godkjent 3.9.15

2014004 Mjømna bobil camp og båtferie
2014005 Prestesundet Bustad, Eivindvik
2015001 Fryselagar Byrknes Kalvøyna

Anna plan-nytt

Høyring av planprogram for revisjon av
fylkesdelplan for arealbruk.

Høyring av handlingsdel for regional plan for
vassforvaltning Sogn og Fjordane.

Høyring av endringsforslag frå
Departementet for plan og byggingsslov –
forenkling av planprosses.

Utarbeiding av forslag for mindre endring av
arealdelen.

Prosjekt-Nytt

Forprosjekt symjehall Dalsøyra, alternativ-
plassering rundt skule pågår.

Prosjektering tiltak for plan for tiltak
snuplass Byrknes skule.

Prosjektering uteplass og klatrepark for
Brekke barnehage og skule.

Vassforsyning søre Gulen, Sløvåg

Påminning om Gulatingsprisen 2015 og frist for innspel

Vi minner om frist for innspel til
Gulatingsprisen 2015 som er 08.11.2015.

Grunngjevne forslag sender du til Gulen
kommune, Eivindvikvegen 1119, 5966
Eivindvik

Open invitasjon til deg som er styremedlem i lag/organisasjonar i Gulen



I løpet av oktober og november vil Gulen
Frivilligsentral komme rundt i alle dei fire
skulekretsane i kommunen og ha møter med
laga i kretsen.

Målet med møtet er informasjon frå ditt lag,
få oversikt over aktivitetar, og å bygge opp
ein aktivtetskalender. Frå Frivilligsentralen
ynskjer vi ha fokus på folkehelse,
inkludering, og korleis få frivillige med.
Alle er like viktige, uavhengig av
aktivitetsnivå.

Vi inviterar heile styra til desse møta slik at
vi får møte fleire.

Møteplan

- Brekke torsdag 22. oktober kl 19.00 i
Risnehallen
- Dalsøyra torsdag 29. oktober kl 19.00 i
Dalsøyra samfunnshus
- Eivindvik torsdag 12. november kl 19.00
i mediateket ved Eivindvik skule
- Byrknes torsdag 26. november kl 19.00
på Byrknes skule

Det blir enkel servering, velkomen!

Språkkafé

Annankvar onsdag frå kl 17:00 til 19:00
pratast vi over ein kopp kaffi/te ved
biblioteket i Eivindvik.

Biblioteket og utstysdepoet vert
samstundes tilgjengeleg for dei som måtte
ynskje det.

Formålet er at våre nye innbyggjarar skal få
ein uformell arena til å øve på norsk.
Innimellom legg vi opp til temabaserte
diskusjonar.

Vi treng nokre frivillige som kan vere med å drive språkkaféen – låse opp, koke kaffi, og prate. Om du kunne tenke deg å hjelpe til med det kan du ta kontakt med Vivian på Gulen Frivilligsentral.

Støttekontakt

Gulen kommune har bruk for støtte-kontakter i alle soner. I sone Dalsøyra særlig mannlig støttekontakt.

Interesserte kan kontakte
Eva Vågheim
Tlf: 57 78 21 01/416 96193
e-post: eva.vagheim@gulen.kommune.no

Konferanse: Møteplass for integrering

Storehagen Atrium, Førde
Laurdag 24. oktober kl. 10.00-15.00

Dette er staden for å vere kreative. Vi set oss saman for å finne nye måtar å samarbeide på. Bli inspirert av komikar Shabana Rehman og representantar frå ulike organisasjonar i fylket.

Skal løfte mangfaldet i fylket vårt

Konferansen skal vere ein møteplass for frivillige organisasjonar. Han skal gjere innvandrorganisasjonar og miljø- og tradisjonelle norske organisasjonar synlege for kvarandre. Her skal vi bygge nettverk og inspirere kvarandre til samarbeid. Vi skal vere kreative saman, med blant anna idédugnad og speeddate. Saman kan vi finne nye måtar å samarbeide på. Målgruppa for konferansen er tillitsvalde, medlemmar, deltakarar og tilsette i innvandrorganisasjonar og -miljø og tradisjonelle norske organisasjonar. I tillegg er konferansen open for enkeltpersonar med eit engasjement for temaet. Tilsette i kommunar, frivilligsentralar og andre kan også delta. Alle må bry seg for at det skal vere godt å bu i Sogn og Fjordane!

Bli med og løft mangfaldet i Sogn og Fjordane!

Konferansen er gratis.
Frist for påmelding: 20. oktober 2015.
Påmeldingsskjema og program for konferansen finn de i kalenderen på www.sfj.no.

Veit du noko om historia til Eivindvik Idrettslag?

Eivindvik Idrettslag held på å lage til nye nettsider og er i den samanheng på jakt etter informasjon om historia si – gamle møtereferat, protokollar og liknande. Den siste møteboka dei har tilgjengeleg er frå 1980, men frå andre kjelder har dei rekna seg fram til at laget vart starta rundt 1938, kanskje endå tidlegare.

Gøymer det seg nokre gamle referat på ditt loft? Eller kanskje du veit noko om historia som kan vere av interesse?

Ta kontakt med Kjetil Rutledal på telefon 992 63 363 eller e-post rutliss@hotmail.com dersom du kan hjelpe!

Prosjekt Gamlestova



Tusen takk!

I vår starta Eivindvik sanitetslag, i samarbeid med kommunen, arbeidet med å pusse opp Gamlestova, som var svært nedsliten etter mange års flittig bruk.

I den samanheng ba vi om pengestøtte til prosjektet. Det er mange som har gitt, både privatpersonar, bedrifter, lag og organisasjonar.

Vi vil på denne måten takke alle som har vore med og bidrege! Det som er gjort er svært vellukka, og status i dag er følgjande: Taket er malt, vegger i kjøkkendelen er malt og det er kjøpt inn nye sittegrupper som er tatt i bruk.

Prosjektgruppa samarbeider med kommunen, som i løpet av hausten skal ta seg av nye vindauge og ny verandadør, samt arbeidet med golv og vegger. Dette ventar vi no på. Det står framleis att ein del, så vi treng meir midlar for å komme i mål.

Dersom fleire ønskjer å støtte prosjektet med pengar, kan ein bruke kontonummer: 3817.07.01051, og merke summen med prosjekt: 8304 Gamlestova GS.

Styret i Eivindvik sanitetslag.